



Saksbehandlar, innvalstelefon  
Stig Morten Tengesdal, 41 57 78 31

# Evakuering og befolkningsvarsling

## Bakgrunn og føremål

Med jamne mellomrom oppstår det diskusjonar om rolla og ansvaret til kommunen når eit område må evakuerast, til dømes på grunn av flaum- eller skredfare. I dette notatet gjer vi difor greie for korleis vi meiner at rolle- og ansvarstilhøva ved evakuering i fredstid er å forstå. Vi omtalar òg krav og forventningar til befolkningsvarsling. I tillegg har vi laga eit forslag til eit tiltakskort for evakuering.

## Evakuering

### Kven har mynde til å ta avgjerder om evakuering?

Hovudregelen er at det berre er politiet som har mynde til å ta avgjerd om evakuering i fredstid. Etter [politilova § 7 andre ledd](#) kan politiet mellom anna påby evakuering av område og leggje ned opphalds- og ferdselsforbod, for å ta hand om tryggleiken til enkeltpersonar eller ålmenta.

Det har vore nokre tilfelle der det har oppstått diskusjonar om kven som kan oppheve ei evakuering. I Vest politidistrikt er det semje om følgjande:

- Politiet har med heimel i politilova rett og plikt til å pålegge evakuering når det er fare for liv og helse.
- Ansvaret for oppheving av evakuering ligg til politiet.
- Politiet har ofte ikkje nødvendig kompetanse til å vurdere risiko, til dømes når det gjeld skred- og flaumfare. Vest politidistrikt nyttar NVE som rådgjevar i vurdering av trong for evakuering, og oppheving, ved flaum- og skredfare.
- Det er forventa at kommunen støttar politiet med til dømes nødvendig innkvartering, forpleiing og transport til dei evakuerte.

Eit unntak for hovudregelen om at det alltid er politiet som tek avgjerd om evakuering, gjeld i akuttfasen av ei atomhending. Kriseutvalet for atomberedskap (KU) har etter [strålevernlova § 16 andre ledd](#) mynde til å pålegge statlege og



kommunale organ om å gjennomføre evakuering eller avgrense tilgangen til bestemte område. Det finst egne reglar om avgjerder om evakuering i krig eller når krig trugar, jamfør [sivilbeskyttelseslova § 17](#).

## Evakuerte- og pårørandesenter (EPS)

Sjølv om politiet har det formelle ansvaret for å setje i verk ei evakuering, vil det veldig ofte vere ei forventning om at kommunen gir støtte i den praktiske gjennomføringa. Det gjeld til dømes i dei tilfella det må opprettast eit evakuerte- og pårørandesenter (EPS). Denne forventninga må mellom anna sjåast i samanheng med kravet om at kommunen skal gi nødvendig hjelp i samband med ulykker eller andre akutte situasjonar, jamfør [sosialtenestelova § 16](#).

Eit evakuertesenter er ein stad der fysisk uskadde personar kan opphalde seg, til dømes fordi dei har trong for omsorg, samtalenester eller hjelp til gjenforeining med pårørande. Eit pårørandesenter er ein stad der pårørande kan opphalde seg dersom dei har trong for informasjon, omsorg, samtalenester eller anna støtte. I [veileder for politiets håndtering av pårørende og evakuerte ved store hendelser](#) vert det tilrådd at evakuertesenter og pårørandesenter vert oppretta fysisk åtskilt.

I [veileder til forskrift om kommunal beredskapsplikt](#) (side 28) viser Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) til politiet sine forventningar til kommunen, jamfør [veileder for politiets håndtering av pårørende og evakuerte ved store hendelser](#). Her vert det lagt til grunn at kommunen må ha prosedyrar for å etablere eit EPS med driftsapparat. Det vert òg skissert ein del oppgåver. Kommunen skal:

- stille til disposisjon nødvendige lokale, personell, materiell og vakthald
- tilby forpleiing til evakuerte, råka og pårørande
- stille helsepersonell til disposisjon
- tilby psykososial omsorg, samtalar og støtte til involverte<sup>1</sup>
- tilby eventuelle tolketenester
- skaffe transport og kommunikasjonsmidlar ved trong
- halde kontakt med kriseleiinga til kommunen

I politiet si handbok «[Retningslinjer for politiets beredskap](#)» - PBS1 står det mellom anna at: «*Foruten ansvar for opprettelse og drift av evakuerte- og pårørendesenter skal*

---

<sup>1</sup> Det vert lagt til grunn i Helsedirektoratet sin [veileder for psykososiale tiltak ved kriser, ulykker og katastrofer](#) at kommunen har eit ansvar for å yte eit koordinert tilbod av kommunale tenester og psykososiale tiltak ved kriser, ulykker og katastrofar.



*kommunen sørge for nødvendig helsetjeneste, psykososial omsorg og støtte samt forpleining til de evakuerte og pårørende» (side 165).*

Kommunen kan knytte til seg fleire ulike samarbeidsaktørar i eit EPS. Til dømes kan Sivilforsvaret gi støtte i arbeidet med å etablere og drifte EPS, slik det vert lagt til grunn i [Håndbok for redningstjenesten](#). Andre relevante samarbeidsaktørar kan vere frivillige organisasjonar, Heimevernet, næringslivet og trus- og livssynssamfunn. Vi rår til at kommunen etablerer samarbeidsavtalar med slike aktørar på førehand.

Det vil ofte vere nødvendig med eit særleg tett samarbeid mellom kommunen og politiet. Vi ønskjer å gjere merksam på at det likevel er ein del oppgåver som berre ligg til politiet, og som kommunen såleis ikkje skal planleggje for å løyse. I eit evakuerte- og pårørandesenter skal politiet (jamfør [retteleiar til politiet](#)):

- registrere personopplysningar
- avhøyre sentrale vitne
- kvalitetssikre informasjon og situasjonsrapportere til staben til politimeisteren
- gi informasjon til dei som er til stades
- varsle pårørande
- gjenforeine involverte med pårørande
- koordinere mediehandteringa
- etablere vakthald og skjerming involverte mot media og befolkninga

## Vurdering av evakuering i heilskapleg ROS-analyse

Trong for evakuering ved uønskte hendingar er eit tema som kommunen er pålagt å analysere som ein del av arbeidet med heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse, jamfør [forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2 tredje ledd](#). Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) legg i [veileder til forskrift om kommunal beredskapsplikt](#) til grunn at kravet inneber å vurdere trong for evakuering, og eventuelt i kva omfang. Vi meiner at det for kvar uønskt hending/risikoområde må gjerast ei systematisk vurdering av det. På bakgrunn av desse vurderingane skal kommunen utarbeide ein plan for evakuering i den overordna beredskapsplanen, jamfør [sivilbeskyttelseslova § 15 andre ledd](#).

Den heilskaplege ROS-analysen kan gjerne dekke krava i både sivilbeskyttelseslova og helseberedskapslova. I så fall må analysen omfatte evakuering av institusjonar og personar med heildøgns pleie- og omsorgstilbod. Evakuering av legekontor, legevaktslokale og NAV-kontor må òg omtalast. Eit vesentleg tema i analysearbeidet



må vere korleis det er mogleg å sikre leveranse av kritiske tenester i ein evakueringssituasjon.

## Plan for evakuering i overordna beredskapsplan

Det er ikkje omtalt i sivilbeskyttelseslova kva evakueringsplanen skal innehalde, men det går fram av lovforarbeida at han mellom anna må innehalde førebudde tiltak for evakuering, innkvartering og forpleiing av kommunen sine innbyggjarar, jamfør [prop. 91 L \(2009-2010\)](#). I [veileder til forskrift om kommunal beredskapsplikt](#) legg DSB til grunn at kommunen må syte for at dei grunnleggjande trongane til dei evakuerte vert dekt. Vidare meiner DSB at politiet sine forventningar til kommunen bør innarbeidast i den kommunale evakueringsplanen. Vi ser det som viktig at kommunen planlegg for å støtte politiet med oppgåvene som er skissert på side to. Vårt forslag til tiltakskort reflekterer såleis politiet sine forventningar til kommunen.

Kommunen må tilpasse evakueringsplanen etter lokale tilhøve og trongar. Det er viktig at kommunen mellom anna forsikrar seg om at rolle- og ansvarstilhøve mellom sentrale aktørar er tilstrekkeleg avklart lokalt. Det går fram av handboka [«Retningslinjer for politiets beredskap» - PBS1](#) at planverket til kommunen må vere koordinert med planverket til politiet, og at det må testast i felles øvingar. Vi trur at evakueringsplanlegging kan vere eit godt tema for møte i kommunalt beredskapsråd. Rådet kan òg vere ein god arena for å øve planverket.

## Befolkningsvarsling

### Vurdering av trong for befolkningsvarsling i heilskapleg ROS-analyse

Kommunen er pålagd å vurdere trong for befolkningsvarsling i den heilskaplege ROS-analysen, jamfør [forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2 tredje ledd](#). DSB seier at det er moglege konsekvensar av uønskte hendingar som skal leggjast til grunn for analysen, og i kva grad dei kan reduserast ved bruk av varsling/annan form for kommunikasjon. Vi meiner at det i analysearbeidet må gjerast ei systematisk vurdering av trongen for befolkningsvarsling for kvar uønskt hending/risikoområde.

I den heilskaplege ROS-analysen bør det gå fram om kommunen har etablert eit system for befolkningsvarsling. Analysen bør òg omtale eventuelle aktørar som er pålagd å varsle befolkninga ved uønskte hendingar i kommunen. Det kan til dømes vere Sivilforsvaret, storulykkeverksemdar eller dameigarar.



## Plan for befolkningsvarsling i overordna beredskapsplan

Den overordna beredskapsplanen til kommunen skal innehalde ein plan for befolkningsvarsling basert på den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen, jamfør [forskrift om kommunal beredskapsplikt § 4 andre ledd](#). I [veileder til forskrift om kommunal beredskapsplikt](#) legg DSB til grunn at kravet inneber å følgje opp eventuelle trongar for befolkningsvarsling som er identifisert i den heilskapleg ROS-analysen, og som ikkje vert teke i vare gjennom eksisterande varslingsordningar.

Vi oppmodar kommunen om å etablere eit eige system for befolkningsvarsling viss den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen viser at det er trong for det. Fleire kommunar har gode erfaringar med lokasjonsbaserte SMS-varslingsystem. Vi gjer likevel merksam på at det ikkje er eit krav at kommunen skal ha eit slikt system.

Viss kommunen vel å etablere eit eige befolkningsvarslingsystem, legg [retteleiaren til DSB](#) til grunn at planen for befolkningsvarsling bør innehalde:

- skildring av roller, ansvar og rutinar for iverksetjing
- planar for øvingar
- avtalar for varsling av befolkninga
- dekningsgrad og avgrensingar i varslingsystemet

Vi ønskjer å gjere merksam på at det i mange tilfelle vil vere politiet som vil be om at befolkningsvarsling vert sett i verk. Såleis er det fornuftig å utarbeide planen i samråd med politiet.



## Litteraturliste

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (2018). *Veileder til forskrift om kommunal beredskapsplikt*. Tønsberg: DSB.

[Forskrift om kommunal beredskapsplikt](#)

Helsedirektoratet (2016). *Mestring, samhörighet og håp. Veileder for psykososiale tiltak ved kriser, ulykker og katastrofer*. Oslo: Helsedirektoratet.

Hovedredningssentralen (2018). *Håndbok for redningstjenesten: Systembeskrivelse - prinsipper - verdier*. Oslo: Hovedredningssentralen.

Justis- og politidepartementet (2010). *Prop. 91 L (2009-2010) Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven)*. Oslo: Justis- og politidepartementet

[Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret \(sivilbeskyttelsesloven\)](#)

[Lov om politiet \(politiloven\)](#)

[Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen \(sosialtjenesteloven\)](#)

[Lov om strålevern og bruk av stråling \(strålevernloven\)](#)

Politidirektoratet (2011). *PBS 1 - Politiets beredskapssystem del 1 - Retningslinjer for politiets beredskap*. Oslo: Politidirektoratet.

Politidirektoratet (2014). *Veileder for politiets håndtering av pårørende og evakuerte ved store hendelser*. Oslo: Politidirektoratet.